

Nærmiljøtiltak (KF-511)



Referansenummer: JQTJAQ

Registrert dato: 11.04.2021 22:26:02

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Søkjar/organisasjon

Organisasjonsnummer

911779978

Namn

Sogndal speidargruppe

Adresse

Kyrkjebakken 6

Postnummer

6856

Poststad

SOGNDAL

E-post

sogndalspeidar@gmail.com

Telefon

90827197

Bankkontonummer

37202220984

Kontaktperson

Namn

Tom Wergeland

Funksjon

Styremedlem (nestleiar)

Epost

tomw@hvl.no

Tiltaket og budsjett

Grei ut om tiltaket

Entusiastar i Sogndal speidargruppe og tilsette ved idrettsfag på HVL har gjennom Sogndal speidargruppe teke initiativ til å etablere to frisbeegolf baner i Sogndal kommune. Ei lita bane i området ved Kvåle ungdomsskule og ei større bane ved idrettsparken på Kaupanger. Me har søkt Gjensidigestiftinga om 150.000 kr som vil dekke sjølvkorgene på begge banene og 50 nybyrjarsett med frisbee som frivillighetssentralen vil låne ut gratis. Det er også søkt om midlar for å gi ungdom sommarjobb med motering av banene og for å halde gratis kurs i frisbeegolf. For at banene skal vere eit best mogleg tilbod så krev det god skilting med info om bana og på kvart utkast. Det er det me søker om midler om her. Frisbeegolf er ein sterkt veksande aktivitet over heile verda og passar for alle aldrar. Aktiviteten er gratis og ikkje spesielt vanskeleg å lære seg, og krev minimalt med vedlikehald. Det er berre ei lita bane i indre Sogn som me kjenner til og den ligg i Gaupne. Aktiviteten er også koronavenleg. Det er enkelt å halde avstand og ein nyttar sine egne frisbeear gjennom heile spelet og dei kan reingjerast før andre skal låne dei. Det er lagt opp til 6 kursdagar i sommar, tre på kvar bane, der alle som ynskjer kan få gratis opplæring i denne spanande aktiviteten. Sogndal speidargruppe har fått klarsignal til etablering av desse banene frå kommunen og skulane/idrettslaga ig Sogndal fotball som også dispnerer området er alle postitive til denne etableringa. Frivillighetssentralen har sagt seg villig til å ta seg av utlån av frisbee.

Korleis tek tiltaket ansvar for miljø og klima? (Materialer, avfall, CO2 avtrykk)

Banene er tenkt etablert i nærmiljøet slik at alle busett i Sogndal sentrum og Kaupanger som vil bruka anlegga kan gå eller sykle dit. Det er tenkt at korgene skal setjast opp med jordspyd som gir minimal innverknad på naturen og dei vil vere enkle å flytte ved behov utan at naturen har teke skade. Frisbeegolf baner krev nesten ikkje noko vedlikehald, korgene er solide og tåler vær og vind, og vil gi aktivitetsglede og helsegevinst i mange tiår. Det er aktuelt å kjøpa inn brukte frisbee frå andre meir etablerte klubbar for å minske klimaavtrykket.

Budsjetterte utgifter	Beløp
Korger til 6 og 9 hols bane	105000
50 nybyrjarsett fribee	25000
Lønn til ungdom for montering og kursing	20000

Skilting av banene, både oversiktskart og på kvart utkast	30000
	180000

Budsjetterte inntekter	Beløp
Støtte frå Gjensidigestiftinga	150000
Støtte frå Sogndal kommune	30000
	180000

Finansiering	
Sum budsjetterte inntekter	150000
Eigenkapital	0
Tilskot frå andre	0
Ønskja tilskot frå kommunen	30000
Sum	180000

Vedlagt dokumentliste

Søknad om støtte til frisbeegolf i Sogndal kommune.pdf